

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021**

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V fram slikt forslag:

### **«Alternativ**

1. Fylkeskommunen skal i si nye rolle i større grad vera ein regional utviklingsaktør og medspelar til kommunane. Vestland fylkeskommune merkar seg at eit samla kommunestyre i Osterøy står bak ønskjet om å utarbeida den aktuelle reguleringsplanen, og me meiner at reguleringsplanen for Hoshovdstølen legg til rette for gode bumiiljkvalitetar, og vil bidra positivt til rekreasjon og friluftsliv.
2. Vestland fylkeskommune viser til brev sendt frå advokatfirmaet Harris til Osterøy kommune, datert 3. september 2021, og ber Osterøy kommune som planmynde å ta initiativ overfor tiltakshavar og grunneigarar med mål å finna løysingar som kan aksepterast av alle partane.
3. Vestland fylkeskommune står fast på krava som fylkeskommunedirektøren har stilt for å oppnå trafikktryggleik, nullvisjon og gode løysingar for mjuke trafikantar. Vestland fylkeskommune ønskjer å unngå motsegn i saka, men dersom Osterøy kommune ikkje etterkjem pkt 2, står Vestland fylkeskommune fast på motsegnene som er innstilt frå fylkeskommunedirektøren i saka.»

### **Avrøysting**

Øren Heen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1.

Øren Heen sitt forslag punkt 2 og 3 vart vedteke mot 7 røyster (H, FNB, UA, FRP).  
Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2 og 3 fekk ingen røyster og fall.

### **Vedtak**

1. Fylkeskommunen skal i si nye rolle i større grad vera ein regional utviklingsaktør og medspelar til kommunane. Vestland fylkeskommune merkar seg at eit samla kommunestyre i Osterøy står bak ønskjet om å utarbeida den aktuelle reguleringsplanen, og me meiner at reguleringsplanen for Hoshovdstølen legg til rette for gode bumiiljkvalitetar, og vil bidra positivt til rekreasjon og friluftsliv.
2. Vestland fylkeskommune viser til brev sendt frå advokatfirmaet Harris til Osterøy kommune, datert 3. september 2021, og ber Osterøy kommune som planmynde å ta initiativ overfor tiltakshavar og grunneigarar med mål å finna løysingar som kan aksepterast av alle partane.
3. Vestland fylkeskommune står fast på krava som fylkeskommunedirektøren har stilt for å oppnå trafikktryggleik, nullvisjon og gode løysingar for mjuke trafikantar. Vestland fylkeskommune ønskjer å unngå motsegn i saka, men dersom Osterøy kommune ikkje etterkjem pkt 2, står Vestland fylkeskommune fast på motsegnene som er innstilt frå fylkeskommunedirektøren i saka.